


DEN INTERNASJONALE FOSSEFESTIVALEN

THE INTERNATIONAL FOSSEFESTIVAL



**DET
NORSKE
TEATRET**

DET NORSKE TEATRET, OSLO, NORWAY
6.-15. SEPTEMBER 2019

Samlaget



JON FOSSE

(FØDD 1959)

Jon Fosse debuterte som forfatter i 1983 med romanen *Raudt, svart*. Sidan har det vorte 11 romanar og fleire kortprosa-utgjevingar. Men det er skodespela han er mest kjend for ute i verda. I perioden 1994–2014 skreiv han 48 ulike tekstar for scenen.

Den internasjonale Fosse-festivalen markerer at det i 2019 er 25 år sidan *Og aldri skal vi skiljast* vart uroppført på Den Nationale Scene i Bergen. Same året fyller dikteren 60 år.

Meir enn 600 oppsetjingar har det vorte over heile verda, og Fosse er den største norske dramatikaren sidan Henrik Ibsen. Han har fått ei rad prisar og utmerkingar for forfatterskapen sin: Han bur i Statens æresbustad for kunstnarar (Grotten), har fått Nordisk råds litteraturpris, er Kommandør av Den Kgl. St. Olavs Orden og er tildelt Heddas og Brageprisens ærespris, Den internasjonale Ibsenprisen, Nestroyprisen og mange fleire. I fleire år har han vore nemnd som kandidat til nobelprisen i litteratur.

Forfatterskapen til Fosse omfattar dramatikk, romanar, essay, gjendiktingar og lyrikk.

JON FOSSE

(BORN 1959)

Jon Fosse made his debut as an author in 1983, with his novel *Raudt, svart* (*Red, Black*). Since then he has published eleven further novels, and numerous short stories, essays, and poetry collections. It is his plays, however, for which he is most renowned internationally. Between 1994 and 2014 he wrote 48 dramatic texts, both long and short.

The international Fosse Festival commemorates the 25th anniversary, in 2019, of the first production of *Å aldri skal vi skiljast* (*And We'll Never be Parted*) at Den Nationale Scene in Bergen. The author himself will turn 60 in the same year.

There have been more than 600 national and international productions of Fosse's plays, and he is the most successful Norwegian dramatist since Henrik Ibsen. He has received a number of prizes and honours for his writing. He resides in Grotten, an honorary residence owned by the Norwegian State and bestowed by the King of Norway for contributions to Norwegian art and culture. He has received the Nordic Council's literature prize, and is a Commander of the Royal Norwegian Order of St. Olav. He has received the Hedda and Brage prizes, the International Ibsen Award, the Nestroy Award, and many others. He has been nominated several times as a candidate for the Nobel Prize for Literature.

His writing encompasses drama, novels, essays, translations, and lyrics.



EIN HYLLEST OG EIN FESTIVAL

DEI TO INSTITUSJONANE som kjenner seg mest knytte til Jon Fosse, ønsker å heidre diktaren med å arrangere ein festival i hans namn. I 2019 er det 25 år sidan Fosse debuterte som dramatikar. I starten var det langt frå alle alle meldarar og kommentatorar som klarte å forstå kvifor fleire sentrale teater på nittitalet lét tekst etter tekst av Jon Fosse få urpremiere. Den Nationale Scene var først ute, så kom Det Norske Teatret, Nationaltheatret og Rogaland Teater, og då det var gått ti år, hadde 16 skodespel av Jon Fosse blitt uroppførte. Og no kom kritikarane etter. Det gjorde dei etter at Jon Fosse hadde brote gjennom med eit brak i Europa – ikkje minst i Tyskland. Hundrevis av oppføringar fann stad ute i verda i desse åra etter hundreårsskiftet.

Jon Fosse er mykje meir enn verdskjend dramatikar. Fosse har sidan tidleg i 1980-åra vore mellom våre mest produktive forfattarar og har skrive både prosa, poesi, barnebøker og essay. Same kva Fosse skriv, opplever han seg sjølv som poet av legning, men ikkje lyrikar. Form og innhald er ikkje to ting for Fosse – dei glir saman og snakkar på same nivå. Hos han handlar det alltid om det grunnleggande i livet, om fødsel, død og kjærleik, om korleis menneske lever saman. Tekstane hans er syngande og rytmiske, poetiske og eksistensielle. Han kallar seg sjølv ein *spelemann i livet*.

I dag bur Jon Fosse i Statens æresbustad for kunstnarar, og sjølv om stykka hans ikkje blir spelte like hyppig i dag som for ti år sidan, blir han spelt jamt og trutt over heile kloden. Tjue år etter at han debuterte, gjorde han kjent at han hadde lagt dramaskrivninga på hylla. No skulle han konsentrere seg om andre delar av forfattarskapen: prosaen og lyrikken. Allereie no, før forfattaren har fylt 60 år, er produksjonen formidabel innanfor alle dei genrane han har gjeve seg inn på. Han skriv for tida det han kallar «langsam prosa», *Septologien*, eit storverk i sju delar som skal gjevast ut som tre bøker, den første i 2019 og dei to neste i 2021 og i 2023.

Vi i Noreg har ikkje mange nobelpriskandidatar i litteratur. Jon er det, og vi synest han fortener at vi heidrar og ærar han med framsyningar, gjestespel frå inn- og utland, seminar, presentasjon av heile breidda i forfattarskapen og annan kunst og musikk som kan relaterast til den store nynorsk-diktaren i overgangen mellom det tjuande og det tjuetførste hundreåret.

Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget er saman vertar for ein av dei store profilane i nynorsk teater og litteratur. Teatret har ansvaret for eigenproduksjon og gjestespel, medan Samlaget er ansvarleg for prosalitteratur, essay, foredrag og debatt. Også andre institusjonar – kunst- og kulturinstitusjonar så vel som vitskaplege – blir trekte inn etter kvart.

Det meste kjem til å skje i lokala til Det Norske Teatret – på alle scenar og i foajeen med meir.

Erik Ulfsby
teatersjef
Det Norske Teatret

Edmund Austigard
forlagsdirektør
Det Norske Samlaget



FOTO: MIMSY/MOLLER



FOTO: SAMLAGET

A TRIBUTE AND A FESTIVAL

THE TWO INSTITUTIONS that feel most closely connected to Jon Fosse want to celebrate the author by arranging a festival in his honour. In 2019 it will be 25 years since Fosse's debut as a dramatist. In the beginning, not all critics and commentators understood why there was such a demand from major theatres in the 1990s to stage premiere after premiere of Fosse's plays. The National Stage in Bergen was the first, followed by Det Norske Teatret ("The Norwegian Theatre" in Oslo), the National Theatre in Oslo, and Rogaland Teater in Stavanger. Within ten years, sixteen of Fosse's plays had been produced. Eventually, the critics caught up, after Fosse's resounding breakthrough in Europe – not least in Germany. Hundreds of productions of his work have been mounted throughout the world since the turn of the century.

Jon Fosse is far more than a world-renowned dramatist. Since the early 1980s, he has been among Norway's most prolific authors, writing prose, poetry, children's books, and essays. Whatever Fosse writes, he sees himself as a poet by nature, but not a lyricist. Form and content are not separate things for Fosse – they blur together and communicate on the same level. His work is always concerned with the fundamental aspects of life, with birth, death, and love, with the ways people live together. His writing is musical and rhythmic, poetic and existential. He calls himself a *spelemann i livet* (literally a "fiddler of life" – a bard, or minstrel).

Today Jon Fosse lives in Grotten – an honorary State Residence for artists – and although his plays are not performed as often today as they were ten years ago, he is still regularly produced and performed around the world. Twenty years after his debut, he announced that he was retiring from drama, choosing instead to concentrate on other aspects of his writing: prose and lyrics. Even now, before the author has even turned 60, his achievements are formidable in every genre he has embarked upon. He is currently writing what

he refers to as "langsam prosa" ("slow prose"), *Septologien* (*The Septology*), a work in seven parts that will be published in three volumes. The first is due in 2019, with subsequent volumes in 2021 and 2023.

Norway does not have many candidates for the Nobel Prize for Literature. Jon Fosse is one of them, and we believe he deserves to be honoured with productions, guest performers from Norway and abroad, seminars, presentations of the full range of his work, and other art and music relating to the great Norwegian poet of the late 20th and early 21st Century.

Det Norske Teatret and Det Norske Samlaget are co-hosting a celebration of this giant of Norwegian theatre and literature. The theatre will be responsible for productions and guest performances, while the publishing house will be responsible for prose literature, essays, seminars, and debates. Other institutions – artistic and cultural as well as scientific – will join in the celebrations as they continue.

Most of the celebrations will take place at the premises of Det Norske Teatret, on all the stages, in the foyers, and more.

Erik Ulfsby
Theatre Director
Det Norske Teatret

Edmund Austigard
Director
Det Norske Samlaget

FOTO: REINHARD WINKLER



Fosse er unik fordi han har skapt eit språk for dei usagde orda.

Fosse is unique because he created a language for the un-spoken words.

Luk Perceval, belgisk regissør

FOTO: MORGOS KAPLANIDIS



Eg har hatt privilegiet med å få arbeide med Jon Fosse ved to høve: i samband med ei nyomsetjing av **Peer Gynt** av Ibsen og gjendiktinga hans av **Edda**. Fosse har ei stor gåve når han med ord kan skape friidom for ein skodespelar, ein regissør eller ein designar; han gir dei rom til å


skape. Det poetiske arbeidet er eit ekko av ein djup sans for emosjonar og historier, samstundes som han er noko heilt nytt og unikt. Han har den gåva at han skjønar teateret sitt eige språk, og denne gåva er det ikkje så mange som har.

Teaterspråk er noko anna enn det språket du nyttar når du skriv ein roman, eit essay eller lyrikk. Språket har resonansar i seg av filosofi og musikk. Berre få menneske har denne evna til å skrive ord som ikkje berre inspirerer intellektet, men som også er i stand til å røre oss djupt og på kjenslefyllt vis.

I have had the privilege to work with Jon Fosse on two productions: an adaptation of Ibsen's **PEER GYNT**, and **EDDA**. Fosse has a great gift with words that allows for a freedom of imagination for an actor, director, and designer. His poetic work echoes a sense of deep emotion and history, while being something totally new and unique. He has a gift that few people have in that he understands the language of theater. Theater language is different from writing a novel, an essay, or poetry. His language resonates philosophically and musically. Few people have the ability to write words that not only inspire intellect, but move us deeply and emotionally.

Robert Wilson, stor amerikanske regissør

FOTO: CREATIVE COMMONS



På den eine sida verkar det som han seier: «Nei, eg forklarar ingenting.» På den andre sida seier han: «Jo, det finst ei forklaring.» Det er som om det er noko i opplevinga vår som ikkje nøyer seg med eit nei. Om det finst ein dramaturgisk formel i dramatikken til Fosse, meiner eg at han ligg i ein slik spenningsfylt ambivalens.

Leif Zern, svensk teaterkritikar som òg har skrive bøker om Shakespeare, Bergman og Fosse («Det lysande mørkret»).

On the one hand, he seems to be saying "No, I explain nothing" – on the other hand, he says "Yes, there is an explanation." It is as though there is something about our experiences that isn't satisfied with a 'no'. If there is a dramaturgical formula to Fosse's drama, I believe it lies in this sort of tense ambivalence.

Leif Zern, Swedish theatre critic and author of books on Shakespeare, Bergman, and Fosse ('The Illuminating Darkness').

FOTO: ESRÁ ROTHHOFF



«Eg har stor lyst til å setje opp Fosse igjen – eg liker det tidlaust universelle i stykka hans, den poetiske musikalske krafta – for meg er Jon Fosse fortetting av røyndom og språk – dikt for scenen!

Falk Richter, tysk regissør som sette opp fleire stykke av Fosse i Tyskland

I'm very keen to stage Fosse again – I like the timeless universality of his plays, the poetic, musical power – to me, Jon Fosse's work is a fusion of reality and language – poetry for the stage!

Falk Richter, German director responsible for numerous productions of Fosse in Germany.

FOTO: ERIN BERG